
Referat – Heddal IL Fotball, Sportsleg Utval

Møtenummer 1/21
Dato 04 mai 2021
Tidspunkt 19:00 – 21:15
Sted Peisestua / Teams
Deltakarar

Øyvind Lia, *Sportsleg leiar (teams)*
Han Jørgen Aase, *Trenerveileidar, spelarutviklar, Trener G19*
Vegard Lia, *Aktiv senior?*
Olav Andre Listul, *otballfagleg ressurs*
Eirik Thorstensen, *trener G12-13*
Martha Valstad Holla, *trener J9*
Andreas Susrud, *Styreleiar (gjest)*

Sak 1.1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksansvarleg Øyvind

- Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Saker til eventuelt

Forslag til vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Det var ønskeleg med ei gjennomgang av laga. Samt sørge for god kommunikasjon og samarbeid med Snøgg fotball.

Sak 2.1 Sportsleg utval 2021

Saksansvarleg Øyvind

Tanker rundt utvalgets roller og oppgaver

Orienteringssak

Det blei god diskusjon rundt bordet frå samtlege. Det er tydeleg at eit sportsleg utval har vori sakna, og dette

utvalget har ei variert og god samansetning.

Det var brei semje om at utvalgets hovedoppgåve blir å oppdatere sportsplan, få denne til å leve ute på feltet, samt jobbe med å innfri det viktigaste målet i sportsplanen som er minimum 1 guttelag og 1 jentelag på alle nivå frå 6 årsklassa til senior.

Andreas presiserte også at sportsleg utval har mandat til å ta avgjørelsar på vegne av styret.

Sak 3.1 Sportsplan rev 2021

Saksansvarleg Øyvind

Sportsplan må revideras, nåværande plan er frå 2017.

Forslag til vedtak

Sportsplan skal vera ferdig oppdatert seinast til årsmøte 2022, deler av planen vil bli tatt opp i sportsleg utval

utover i sesongen.

Sak 4.1 Coronaserie og kampaktiviteter våren 2021

Saksansvarleg Øyvind

Det er planlagt med oppstart av «coronaserie» etter pinse, kva rolle skal sportsleg utval ta for å sørge for mest muleg aktivitet i laga på vårsesongen?

Forslag til vedtak

Me avventar kampoppsettet til NFF, lagleiar sett opp treningskampar utover dette der dei ser at det er muleg. Sportsleg utval er behjelpeleg ved behov. I tillegg vil medlemmane i sportsleg utval følgje opp lagledere utfrå ei fordelingsliste som Øyvind lagar.

Sak 5.0 Hans Jørgens Corner

Saksansvarleg Hans Jørgen

- 5-1 Trenarforum
- 5-2 Oppsummering utviklingsøker
- 5-3 Organisering av keepertrening
- 5-4 NFFs spillerutviklingsplan 6-16

Orienteringssak

5-1 Gjennomføre del 1 av trenarforum 25. mai

5-2 Fortsetter å besøke laga på feltet, enige om å legge rapport tilgjengeleg for medlemmane i sportsleg utval.

5-3 Utfordringar med corona har gjort det vanskeleg å blande spelarar frå ulike lag, Han Jørgen har utøvd litt keepertrening på sine utviklingsøker hos laga. Hans Jørgen jobber viare med Stian rundt dette.

5-4 Mykje nyttig for trenar/lagleiar som kan fylle opp øvingsbankane sine gjennom denne.

Sak 6.1 Trenersituasjon J14-15

Saksansvarlig: Øyvind

Jan Henning har sagt seg villig til å trene J14-15 laget inntil ny trener er på plass. Han har ikkje lenger barn på dette laget og føler han sitter langt på overtid. Lagleder Kenneth Hykkerud har lagt inn tips på Ingrid Bruserud. Det er dessuten gjort forsøk på å rekruttere fra USN uten hell.

Forslag til vedtak

Denne saka løyste deg 30 minutter før møtestart ved at Jan Henning Larsen, Kenneth Hykkerud og Espen Wærp deler på oppgåva denne sesongen.

Sak 7.0 Eventuelt

Saksansvarleg Øyvind

7-1 Gjennomgang av klubbens lag for å bli kjent med spelargrunnlaget og mulighetane som ligg der. Det vurderas ein spelarundersøking som sportsleg utval sender ut til lagleiarane.

7-2 For å sikre godt samarbeid med snøgg tar Øyvind kontakt med sportsleg leiar i snøgg fotball, og opprettholder kontakt gjennom sesongen.

Nytt møte i sportsleg utval planlagt til torsdag 03.juni 1900-2100 i peisestua.